



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1989

Namnet på vatnet Fluve Skokvassvatnet
Kommune Skraugst

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

S T O R E S T O K K A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 3. sept. 1979.



Som kjent har Innlandsfiskeremnda i Stavanger stått for kultiveringsarbeid i S. Stokkavatnet, i form av utsetjing av settefisk, gjennom fleire år. For å kontrollere utfallet av denne utsetjinga, har det vorte foreteke eit prøvafiske årleg. Før utsetjinga av fisk tok til i 1972, var det eit minimalt aurebestand i vatnet, men det var bra med røyr. I dag inneheld S. Stokkavatnet eit rikt fiskebestand med aure, av matnyttig storleik, i tillegg til røyra.

I dag inneheld S. Stokkavatnet eit rikt fiskebestand med aure, av matnyttig storleik, i tillegg til røyra.

Prøvafiske.

Det vart sett ut i alt 13 garn, spreid rundt heile vatnet, og resultatet etter 1 fangstnatt vart 161 aurar og 5 røyr. Største fangstane vart teke på garna i den nord-austre delen, men elles var det bra med fisk over alt.

Foredeler vi fangsten på omfara, òg vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 21 aurar og av desse var 18 røde og 3 lys-røde i fiskekjøttet.

Vidare var det 14 hofiskar og 7 hanfiskar.

11 av prøvefiskane (52%) var angripne av måkemark.

11 fiskar var gytetfisk - resten gjeldfisk.

Medelvekta av alle aurane (161) var 233.8 gram.

Største fisken var 830 gram og 43 cm.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten, av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengd i cm	4.5	8.9	14.5	23.2	28.0	33.7	42.8
Årleg lengdetilv. i cm	4.5	4.4	6.6	7.7	4.8	5.7	9.1
Antall fiskar	21	21	21	21	18	7	1

Medel kondisjonsfaktor = 1.00 tilseier fisk av bra kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for auren i Store Stokkavatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren i S. Stokkavatnet ein mykje god lengdetilvekst og ligg godt over normalen frå det 3. året. Det oppsvinget som kurven gjer ved 6 års alder skuldast berre ein fisk, så det kan ein sjå bort frå. Framleis går det nokre store aurar i vatnet, kanskje opptil 3-4-kg, av "innfødd" fisk.


Konklusjon.

Den foretekne fiskeprøven syner at utsetjinga av settefisk har vore vellukka og at tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon. Det er eit rikt aurebestand i vatnet i dag.

K-faktor og vekstkurve er god og fiskebestandet tåleg bra avpassa næringsforrådet.

Då det er mykje stingsild i vatnet, og også mykje måke, så vil ein ofte få måkemark i den større fisken. Dette er tilfelle også her, men ved å sløye fisken snarast mogeleg etter fangst, vil som regel parasittane fylgje sloet. Fiskesloet må alltid gravast ned. Stingsilda er ein ypperleg matfisk for auren og ein vil alltid finna stor fisk i vatn med stingsild.

Røyra vi fekk var sers fin og medelvekta av dei 5 fiskane var 308 gram.



Praktiske tiltak.

Det er uråd å vita kor mykje aure som årleg blir fiska i Store Stokkavatnet, men ein skulle tru at eit høvande utsetjingstal vil vera ca. 3000 settefisk pr. år. Det vil som regel vera ei føremun at utsetjingstalet er i underkant av det næringsforrådet skulle tilseie, både av omsyn til parasittangrep, fiskestorleik og kvalitet. Vidare må ein vel rekne med at det foregår ei viss naturleg rekruttering, men denne gir neppe noko stort utslag. Fiske etter røyra må halde fram som før, då dette fiskeslaget har stor formeringsemne. Fisket må drivast etter føreliggjande retningsliner.

Det er eit prisverdig arbeid som Stavanger innlandsfiskenemnd har lagt ned i samband med kultiveringa av S. Stokkavatnet.

Stavanger 13/2 1980

Einar Berg